

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.01.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande projektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tillegsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 I perioden frå 01.08.2017 til 31.07.2018 skal Hjeltnes ha ei mellombels drift med eit lågast mogleg kostnadsnivå og ei minimumsbemanning som skissert i saksutgreiinga. I denne perioden skal ein vurdere ei mest mogleg tenleg framtidig forvaltning av eigedom mellom anna med tanke på å legge grunnlag for anna næringsverksemd. I dette ligg det at hovudaktiviteten skal konsentrerast om gardstunet, og ein skal vurdere sal/avhending og regulering av eigedomane og oppseiing av langsiktige avtalar. Dette skal gjerast i dialog med mellom andre Ulvik herad.
- 4 Bustadhusa «Austtun» og «Vesttun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.
- 6 Dersom det ikkje er på plass statleg driftstilskot til produksjonsskule innan utgangen av 2017, vil fylkesrådmannen be fylkestinget i mars 2018 ta stilling til om ein enten skal starte produksjonsskule 100 % finansiert av fylkeskommunen eller om ein skal avslutte fylkeskommunal aktivitet og starte ein prosess med å selje/avhende eller pakte ut dei resterande eigedomane.